

ÅRSPLAN

Jostedal barnehage

2017 / 2018



2Innleiing:

I denne årsplanen finn de informasjon om barnehagen sine satsingar og konkrete tiltak innafor ulike område, og i planen er det teke omsyn til idear og innspel frå foreldre. I tillegg til det som står i dette heftet, ligg det informasjon om faste rutinar som t.d. opningstider, dagsrytme, tilsette og plan for overgang barnehage-skule på heimesida vår.

Ny rammeplan:

Det er frå hausten 2017 ny rammeplan for barnehage som gjeld heile landet. Slike nye planar tek tid å implementere, og dette er ein del av personalet sitt gjennomgåande utviklingsarbeid. I den nye rammeplanen er det til dømes tydeleggjort at det skal vere *progresjon* i utfordringar og aktivitetar etter kvar som borna blir eldre, og det er tydeleggjort krav til personalet sine oppgåver i det pedagogiske arbeidet.

Medverknad:

At både born, foreldre og tilsette skal ha medverknad på aktivitetane i barnehagen er ein viktig verdi i barnehagen. Borna har medverknad på mange ting gjennom dagen, alt frå at dei kan velje mellom ulike aktivitetar til at dei sjølv vel pålegg på maten. Foreldre skal møte lydhørheit og forståing når dei kjem med innspel, og inviterast til slik medverknad i planleggingsarbeidet.

Verdigrunnlaget til barnehagen (frå ny rammeplan):

Alle tilsette skal møte kvart born sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjenning. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Satsingsområde (felles for heile kommunen):

- Språkutvikling
- Psykisk helse/sosial kompetanse
- IKT i barnehagen



TEMA: TRYGGLEIK	Tiltak4
Brannvern	<p>Lage vår eigen brannstasjon, leike brannmenn</p> <p>Samlingar om korleis forebygge brann, og kva gjer me om det brenn?</p> <p>Heimeoppgåve</p> <p>Øving i barnehagen vår og haust</p> <p>Lære brannvern-songen</p> <p>Fokus på fargane raud, gul og svart</p> <p>Tid: Nasjonal brannvernveke i veke 38</p>
Fyrstehjelp (eit pedagogisk opplegg alle barnehagane har fått frå Luster Røde kors)	<p>Bli kjent med dokka «Henry»</p> <p>For 3-/4-/5-åringane</p> <p>Fokus på å vere medmenneske og hjelpe den som treng det</p> <p>Kva gjer me om nokon skadar seg eller treng hjelp?</p> <p>Opplegget tek for seg 10 ulike situasjonar «Henry» treng hjelp. Situasjonane er henta frå kvar dagen barna vil kjenne seg att i.</p>
Politibamsen Eddie på besøk	<p>Politiet på besøk med «Eddie» (30 minutt)</p> <p>For 4-/5-åringane</p> <p>Snakkar om tema som: Vennskap, gode og vonde hemmelegheiter og kroppen vår</p>





TEMA:	Tiltak5
Årstider	Haust: Blåbær – måle på ark med blåbær - Gå tur i skogen i små grupper, plukke bær - Lage haustabilde - Potekakedag m/helselaget Vinter: Uteaktivitetar i snøen Vår: Leite etter våreteikn, kva skjer i naturen? Feire 17-mai
Fysisk aktivitet og helse	Gymsalaktivitetar i små grupper Bading for 4-og 5-åringane (med midlar me har fått frå Fylkesmannen) Bading for 1-/2-åringane (m/hjelp frå foreldre) Minirøris Bruke nærmiljøet til tur Kvilestund etter mat Hygiene Sunt kosthald Varmmat
Språk	Boka mi Bokutlån Song-kort, rim og regler Bruke instrument Bokprosjekt med dialogisk lesing
Tverrfagleg prosjekt om ei bok	«Geitekillingen som kunne telle til ti» - Dialogisk lesing - Alle fagområda i Rammeplanen blir inkludert

TEMA: 6	Tiltak
Sosial kompetanse	<p>Nytte metoden «Kule krabatar leikar»</p> <p>Rose positiv åtferd</p> <p>Alle skal ha nokon å leike med</p> <p>Korleis gjere andre glad?</p> <p>Vere gode medmenneske og vise omsorg for kvarande</p>
Samarbeid med skulen	<p>Skulebesøk</p> <p>5.kl les ein tysdag/mnd (frå haustferien til påske)</p> <p>Ein elev frå 6/7 kl praktisk økt /hjelpar fredagar kl. 11-13</p> <p>Markering av samane sin nasjonaldag (6.februar)</p> <p>Språkleik</p> <p>Song og teikneøkt med Arvid annakvar måndag</p> <p>Juleavslutning med skulen, der me går rundt juletreet og syng julesongar</p>
Overgang bhg-skule	<p>Skrivedans</p> <p>Tur for førskulebarna: I Bergsetdalen med fokus på «kva flyt og kva søkk» (august)</p> <p>Skulebesøk – totalt 8-9 stk – på måndagar</p> <p>Turdag med 2.kl (juni)</p> <p>Eigen plan for kva som er viktig å øve på heime og i barnehagen siste året</p>





Planleggingsdagar dette barnehageåret:

11. og 14. august 2017

9. oktober 2017

2. januar 2018

2.mars 2018

Mobiltelefonen til barnehagen: 48 89 17 18

**Gjer vel og gje beskjed så tidleg som mogleg ved sjukdom og anna
fråvær – gjerne med sms til mobilnummeret over!**

Heimeside: www.oppvekst.luster.no/jostedal

Instagram: www.instagram.no/oppvekstjostedal



**Kontakt ass. rektor/styrar Anne Kristin Halveg:
anne.kristin.haugen.halveg@luster.kommune.no**

**Kontakt rektor/styrar Mette F. Reinertsen:
mette.f.reinertsen@luster.kommune.no / Mobil: 91 71 51 62**